



**Vedlegg 1**

**Endra utsleppsløyve etter forureiningslova  
for kommunalt avløpsvatn,  
Kovstulheia - Russmarken reinsedistrikt,  
Hjartdal kommune**

Løyvet er gjeve i medhald av ”lov om vern mot forurensningar og om avfall”, forureiningslova, av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16. Løyvet vart først gjeve 07.05.2010 på grunnlag av søknad datert 08.07.2008. Det er endra med heimel i § 18 etter søknader frå kommunen datert 07.07.2010 og 15.12.2010. Endringane gjeld 3 forhold; kommunal heimel for mellombels løyve, utsett frist for risikovurderingar og presisering av reinseprinsippet. Løyvet har vilkår som følgjer frå og med neste side og som er ein kombinasjon av dei generelle krava i ”forskrift om begrensning av forurensning”, forurensningsforskriften, del 4, kap. 11 til 16 og av andre vilkår som er innarbeidd i løyvet, dvs lokalt tilpassa krav og presiseringar, jf. forurensningsforskriftens § 14-16.

<b>Ansvarleg verksemd</b>	Hjartdal kommune
<b>Anlegg</b>	Utslepp av sanitært avløpsvatn via offentleg og privat avløpsnett
<b>Lokalisering av anlegg</b>	Russmarken, Tuddal
<b>Postadresse</b>	3692 Sauland
<b>Kommunenr./ kommune</b>	0827 / Hjartdal
<b>Org.nummer</b>	983631118
<b>NACE-kode / bransje</b>	84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked
<b>UTM-koordinat</b>	Ø-V (m) 489500, N-S (m) 6626300 - gjeld lokalisering av infiltrasjonsanlegg på Russmarken
<b>g.nr/ b.nr</b>	101/2
<b>Anleggsnr.</b>	0827.0015.02
<b>Risikoklasse</b>	3

**Vår ref.:** 2008/3209

**Løyve gjeve:** 07.05.2010

**Løyve endra:** 01.03.2011

**Underskrift:**

.....  
Ingvar Oland  
underdirektør  
miljøvernavinga

.....  
Gunnar Djuvik  
senioringeniør

## A) SÆRLEGE VILKÅR

### 1. VIRKEOMRÅDE

#### 1.1 Geografisk virkeområde

Løyvet gjeld for utslepp av avløpsvatn frå Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt i Tuddal i Hjartdal kommune. Sjå udatert kart over reinsedistriktet avgrensa med grøn strek basert på gjeldande situasjon, vedlegg 4 i søknad, dvs brev av 15.12.2010. Sjå også kartskisse, vedlegg 3 i søknad, og tilhøyrande tekst del i vedlegg 3, over delområde med årstal for planlagt tilknytning til hovudledning og framføring til reinseanlegget.

#### 1.2 Type avløp

Løyvet gjeld kommunalt avløpsvatn som normalt vert akseptert å føre til avløpsanlegg med unnatak for prosessavløp frå verksemder der forureiningsstyresmaktene eventuelt har stilt krav til interne reinsetiltak i verksemda grunna mengde og kvalitet av dette prosessavløpsvatnet.

Med ”avløpsanlegg” reknast i denne saka leiingsnett med tilhøyrande pumpestasjonar og reinseanlegg i form av mottakstankar, slamsilo, biologisk reinsetrinn/biofilter og etterfølgjande infiltrasjonsanlegg med støtbelasta tilførsle. Sjå vedlegg 1 i søknad/ brev av 15.12.2010 som omtalar løysinga og der det vert vist til anna tidlegare dokumentasjon frå tidlegare kommunal sakshandsaming i 2007. Fylkesmannen viser elles til forurensningsforskriften § 11-3 - Definisjonar.

#### 1.3 Status for tidlegare løyve

Tidlegare løyve for utslepp i området har følgjande status i dette løyvet:

Område	Pe	Løyve dato	Status for tidlegare løyve
Ved Kovstulvatn fmte	250	10.01.1983	Er oppheva.
Ved Toskjærvatn fmte	250	10.06.1987	Er oppheva.
Bitringsnatten	30	12.01.1989	Er oppheva.
Russmarken/Gvålsheia/ Langehaug	1740	14.09.2007	Er integrert i nytt løyve.
Åråhovde	145	21.11.2007	Er integrert i nytt løyve, men utslepp vert ikkje påkopa til fellesanlegg.
Tuddal høg fjellshotell	250	27.10.2009	Er integrert i nytt løyve. Mellombels. Krav om påkopling til fellesanlegg etter 3 år.

### 2. UTSLEPPSRAMME

Dimensjonerande belastning i reinsedistriktet er basert på om lag 1900 fritidsbustad-einingar. I tillegg kjem Tuddal Høg fjellshotell med tilhøyrande verksemder/ bustader. Dette svarer til ein samla forureiningsproduksjon innafor heile reinsedistriktet på om lag 4370 pe rekna på årsbasis og 9700 pe rekna som maksimal belastning over ei veke.

### 3. UTSLEPPSSTADER

Avløpsvatnet skal, etter biologisk reinseprosess i nytt anlegg, førast ut i grunnen via støtbelasta infiltrasjonsanlegg på eigedomen gnr 101 bnr 2, sjå oversiktskart/ teikning 2008-101 datert 11.02.2008 frå Tveiten AS, prinsippsskisse datert 05.02.2007 frå firma Fjellrens AS samt reguleringsplan for Russmarken hyttefelt med 2 innteikna område til bruk for reinsing av avløpsvatn.

Reinsa avløpsvatn frå nytt anlegg for Tuddal Høgfjellshotell kan som mellombels løysing førast ut i lokal bekk ved hotellet eller om naudsynt, etter kommunal vurdering, førast ut via lokalt etterpoleringsanlegg same stad, sjå løyve frå kommunen 27.10.2009.

Reinsa avløpsvatn frå eksisterande anlegg for 27 hytter i deldistrikt Åråhovde skal førast ut i grunnen via etterpoleringsanlegg/ infiltrasjonsanlegg lokalt på eigedomen gnr 98 bnr 2 og 5, sjå løyve frå kommunen 21.11.2007.

Det er ikkje tillete å avlaste avløpsnett med andre utslepp bortsett frå eventuelle naudoverløp ved pumpestasjonar og reinseanlegg ved pumpehavari og ved andre naudsituasjonar, sjå pkt 5.2.

### 4. TILKNYTING

#### 4.1 Tilknytingsplan - frist

Det skal sikrast eit målretta arbeid med framføring av kommunalt avløpsnett i området. Kartskisse og tilhøyrande tekstdel i vedlegg i søknad/brev datert 15.12.2010 viser delområde innafør rensedistriktet med årstal for planlagt tilknytning til hovudleidning og framføring til reinseanlegget.

Tilknytning til hovudleidning og framføring av hovudleidning til reinseanlegget skal følgje denne tidsplanen:

2011:

Lislimarken, Lønnås, øvre og østre del av Solheimsbeite i en avstand av ca. 100m fra hovedtraseen ned til fylkesveien, Gvålsheia/Langehaug

2012:

Tuddal høgfjellshotell m/tilstøtende bygningsmasse, Hagestul, Bitringsnatten, Landsverk, Røyslia, Øvre del av Solheimsbeite vest for Toskjervatnet.

2013:

Solheimsbeitet- øst for fylkesveien, mot området avkloakkert i 2011.

2014:

Tuddal Fjellgrend, Nøttingen

2015:

Nedre deler av Solheimsbeitet- på begge sider av fylkesveien

2016:

Måsafjell

Innafor desse delområda kan kommunen gje mellombels løyve for utslepp til tett tank for avløpsvatn frå nye fritidsbustader med høg sanitærteknisk standard i dei tilfelle der det til ein kvar tid er meir enn 2 år før hovudleidninga kjem fram til delområdet. Desse to åra reknast

frå tilkoplingstidspunkt i framdriftsplanen. Kommunen skal kvart år rapportere til Fylkesmannen om løyver til tett tank som kommunen har gjeve, sjå punkt 9.

På grunn av at kartskissa over reinsedistrikta med avmerking av delområda og dei tilhøyrande årstala for tilknytning lite eintydig, vert det sett krav om at det skal utarbeidast nytt og tydeleg kart i høveleg målestokk for heile reinsedistriktet med tydeleg avgrensing av dei delområda og årstala som er nemnt over. Frist for oversending av kart til Fylkesmannen er satt til **01.05.2010**.

#### **4.2 Unntak frå tilknytning i randsona**

I randsona av reinsedistriktet kan nye og eksisterande fritidsbustader med innlagt vatn bli unnateke frå krav om tilknytning om ein kost-nytte- vurdering tilseier det. Om kostnadene ved etablering av stikkleidning for tilknytning er mindre enn kostnadene ved etablering av nytt separat reinseanlegg med tilsvarande reinseffekt som kommunalt anlegg, type minireinseanlegg med dokumentasjon etter NS-EN 12566-3, skal det krevjast tilknytning til kommunalt anlegg.

Om tilknytning til kommunalt anlegg vil bidra til å løyse openberre lokale miljøproblem med til dømes lokalt dårleg hygienisk tilstand, lukt og tilgrising, kan kommunen krevje tilknytning sjølv om kostnadene er høgre enn kostnadene ved etablering av separat anlegg.

Som eit generelt vilkår for at ein eventuelt kan gjere unntak frå plikt om tilknytning, gjeld at den alternative løysinga må vere akseptabel ut frå forureiningsomsyn.

#### **4.3 Rutinar for oppfølging av kapasitet ved reinseanlegg - tal PE tilknytta.**

Hjartdal kommune må utarbeide rutinar for oppfølging av tilknyttinga til reinseanlegget slik at kommunen til kvar tid har oversikt belastningstal på reinseanlegget, dvs tal PE frå tilknytte fritidsbustader og andre typar av tilknytning til reinseanlegget. Dette skal omfatte all tilknytning frå delområda innafor reinsedistriktet. Rutinar skal utarbeidast **innan driftssetting** av anlegget.

**Innan driftssetting** skal ein og utarbeide avtale og rutinar for ordinær driftsoppfølging, vaktordning, vedlikehaldsrutinar og anna som skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem for reinsedistriktet sine ulike delområde, sjå Generelle vilkår i pkt B 3 i dette løyvet. Fylkesmannen presiserar at som del av avtaler og rutinar ligg utarbeiding av plan for prøvetaking for å dokumentere etterleving av renskrava. Den prøvetakingsplanen skal utarbeidast av sakkunnige.

## **5. AVLØPSNETTET OG AVLØPSNETTET SIN FUNKSJON**

### **Normalkrav**

Normale krav til avløpsnett går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, §14-5 Avløpsnett.

Følgjande funksjonskrav og presiseringar gjeld som tilleggskrav:

### 5.1 Forureiningstap frå avløpsnett

Kommunen skal til kvar tid ha oversikt over moglege punkt for overløp med ureinsa avløpsvatn frå avløpsnett, jf. generelle vilkår pkt B3 og B4 om risikovurderingar. Dei samla forureiningstap frå avløpsnett skal gjerast minst moglege gjennom systematiske tiltak.

Det er ikkje tillete med overløp som avlastar avløpsnett. Det einaste forureiningstapet som er tillete frå avløpsnett er naudoverløp ved pumpestasjonar i tilfeller med pumpehavari eller anna naudsituasjon. På grunnlag av risikovurderinga vil Fylkesmannen vurdere å sette særskilde krav til utsette punkt på avløpsnett, til dømes oppsamlingsvolum i samband med overløp for å redusere konsekvensane, til dømes med omsyn til hygieniske følgjer.

I pumpestasjonar skal det installerast sensorar som gjev alarm når naudoverløp trer i funksjon. Vi rår til at det og vert installert sensor som gjev alarm når vasstanden søkk under eit definert nivå for låg vasstand. Dette for å unngå tørrpumping og unødig slitasje om ein ikkje unngår tørrpumping på anna vis.

### 5.2 Tilsyn med avløpsnett

- **registrering og måling**

Det skal være kontinuerleg registrering av tal gonger naudoverløp på leidningsnett er i drift og driftstid for desse. Det kan bli stilt krav om mengdemåling på overløp om desse til dømes syner seg å være ofte i drift.

- **varsling internt og eksternt**

Feil og driftsstansar som medfører utslepp av ureinsa avløpsvatn via lekkasje på nettet eller i pumpestasjonar skal varslast til driftssentral, vakt eller til anna løysing. Større utslepp skal varslast til Fylkesmannen i høve kommunens sin utarbeidde instruks for varsling.

## 6. REINSEANLEGGET

### 6.1 Reinsekrav

Normale krav til reinsing i reinseanlegg i reinsedistriktet går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, §14-6.

Følgjande funksjonskrav og presiseringar gjeld som tilleggskrav for reinsing:

For felles nytt anlegg skal nyttast ein prosess som tilfredsstillar gjeldande krav for nye anlegg for større tett busetnad. Krava går fram av tabell. For dette anlegget er det tenkt nytta ein prosess med biologisk anlegg/ biofilter som forprosess før infiltrasjon, sjå søknad/ brev frå kommunen 15.12.2010 med vedlegg. Tabellen under viser reinsekrav for dette anlegget.

Kontrollparameter	Prosentvis reduksjon, årleg middelerdi	Prosentvis reduksjon, minimumsverdi	Rest-konsentrasjon,	Maksimal rest-konsentrasjon v/ normale driftstilhøve,
Total fosfor	90 %	-	-	-
BOF <sub>5</sub>	-	70 %	25 mg/l	50 mg/l
KOF <sub>Cr</sub>	-	75 %	125 mg/l	250 mg/l

For lokalt reinseanlegg ved Tuddal høgfjellshotell gjeld reinsekrav fastsett i mellombels løyve frå kommunen.

For lokalt reinseanlegg ved Åråhovde gjeld reinsekrav fastsett i løyve frå kommunen.

## 6.2 Utforming og drift av reinseanlegg

For felles nytt reinseanlegg gjeld krav i forurensningsforskriften kapittel 14, §14-10.

For utforming og drift av reinseanlegg for deldistrikta Åråhovde og Tuddal Høyfjellshotell gjeld krav i eigne drifts- og vedlikehaldsavtaler heimla i kommunale løyve.

## 6.3 Tilsyn med reinseanlegg

For felles nytt reinseanlegg gjeld følgjande krav:

- registrering og måling

Det skal være kontinuerleg registrering av tal gonger naudoverløp og eventuelle omløp foran biologisk trinn i reinseanlegget er i drift samt driftstid og vassmengdemåling for desse.

- varsling internt og eksternt

Feil og driftsstansar på viktige reinseanleggskomponentar, dvs komponentar som er avgjerande for å oppretthalde normal drift og for å sikre stabil reinseffekt, skal varslast til driftssentral, vakt eller til anna løysing. Større utslepp skal ein varsle til Fylkesmannen etter kommunen sin instruks for varsling.

For reinseanlegga for deldistrikta Åråhovde og Tuddal Høyfjellshotell gjeld krav i eigne drifts- og vedlikehaldsavtaler heimla i kommunale løyve.

## 6.4 Prøvetaking, analyse og vurdering av analyseresultat

For felles nytt reinseanlegg gjeld krav som går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, se §14-11, § 14-12 og § 14-13 med følgjande presisering:

Prøvetakings- og kontrollprogrammet for felles nytt anlegg skal gjennomførast for innløp og for eitt eller fleire andre representative prøvetakingspunkt etter følgjande oppsett:

Kontrollparameter	Minste antall prøver pr. år	Prøvetype
Fosfor (total-P)	12	Blandprøve døger eller veke
Organisk stoff (BOF <sub>5</sub> )	12	Blandprøve døger
Organisk stoff (KOF <sub>Cr</sub> )	12	Blandprøve døger

Ved vurderinga av analyseresultata treng inntil 2 av dei 12 prøvene for BOF og KOF ikkje å sette konsentrasjonskravet eller reinseffektkravet.

Kommunen må definere representative punkt for uttak av prøver for utløpsanalysar, sjå vilkår 6.1. Det skal utarbeidast eit framlegg til prøvetakingsplan. Denne skal vise korleis reinseffekten skal dokumenterast. Planen skal sannsynleggjere at dei punkt ein velgjer for uttak av prøver gjev representative verdiar for reinsing av avløpsvatnet. Ein må kunne gje opplysningar om graden av usikkerhet ved prøvetakinga med omsyn til uttynningseffekt i grunnvatnet. Om naudsynt må ein supplere med måling av andre parametre, til dømes bakteriar, for å kunne gje eit reelt biletet av forholda.

Framlegg til prøvetakingsplan for felles anlegg på Russmarken skal vere utarbeidd og oversendt til Fylkesmannen innan driftssetting.

Fylkesmannen rår til at anlegget vert tilknytt driftsassistanseordninga i Telemark.

Eventuelle endra krav gjennom føresegn eller særskilt krav frå Fylkesmannen gjeld føre utsleppsløyvet.

For reinseanlegga for deldistrikta Åråhovde og Tuddal Høyfjellshotell gjeld krav i eigne drifts- og vedlikehaldsavtaler heimla i kommunale løyve.

### **6.5 Varsling av avvik frå reinsekrav**

For felles nytt reinseanlegg gjeld krav til varsling av avvik frå reinsekrav slik dette går fram av forurensningsforskriften kapittel 14, § 14-14. Uhell som har eller kunne ha medført alvorleg forureining skal ein snarast rapportere til Fylkesmannen. Rapporten skal greie ut om tiltak som er gjort. Alle overutslepp skal rapporterast i årsrapporten for avløpsanlegget.

For reinseanlegga for deldistrikta Åråhovde og Tuddal Høyfjellshotell gjeld krav i eigne drifts- og vedlikehaldsavtaler heimla i kommunale løyve.

For alle anlegg gjeld at kommunens sitt internkontrollsystem skal omfatte handtering av avvik på avløpsområdet, sjå vilkår 3 i pkt B) Generelle vilkår.

## **7 VEDLIKEHALD – BEREDSKAP - RESPONSTID**

For felles nytt felles reinseanlegg gjeld følgjande krav:

Vedlikehald av avløpsnett og av reinseanlegget skal sjåast i samanheng. Utslepp grunna slitasje eller feil på utstyr skal minimaliserast, og vedlikehaldsprogram skal rettast inn mot dette. Relevant reserveutstyr skal finnast på lager i kommunen eller hos lokal leverandør. Dersom lokal leverandør vert nytta, skal det ligge føre avtale med kommunen.

Planlagt vedlikehald eller omlegging som vil medføre større overskridingar skal vere godkjent av Fylkesmannen på førehand.

Det skal etablerast tilsyn med avløpsnett og med reinseanlegget. Det skal vere beredskap for å registrere og rette opp feil. Dette skal gå fram av kommunen sitt internkontrollsystem. Feil på avløpsnett og på reinseanlegget som medfører utslepp av ureinsa avløpsvatn, skal utbetrast straks. Vilkår med krav om responstid for registrering og utbetring av feil vil bli vurdert av Fylkesmannen i form av endring av løyvet og på grunnlag av risikovurderinga, jf vilkår 4 i B) Generelle krav.

Ein skal nytte skriftleg avviksmeldesystem for intern bruk i kommunen ved mellom anna feil på pumpar, motorar, instrument og feil som medfører naudoverløp frå avløpsnett og naudoverløp/omløp frå reinseanlegget. Særlege avvik skal ein og melde eksternt til Fylkesmannen.

For reinseanlegga for deldistrikta Åråhovde og Tuddal Høyfjellshotell gjeld krav i eigne drifts- og vedlikehaldsavtaler heimla i kommunale løyve.

## 8 KRAV TIL RESIPIENTOVERVÅKING

Kommunen kan verte pålagt å sørgje for undersøkingar av lokale forureiningsverknader og evt medvirke til resipientundersøkingar som har relevans til utslepp frå reinsedistriktet, medrekna regionale undersøkingar samordna av Fylkesmannen.

## 9 KRAV TIL RAPPORTERING

For felles nytt reinseanlegg gjeld at rapportering av utsleppsdata for tida skjer via Driftsassistansen i Telemark sin årsrapportering og via Kostra. Eventuelle endringar vil bli meddelt kommunen.

For reinseanlegg for Åråhovde og mellombels anlegg for Tuddal høgfjellshotell gjeld forurensningsforskriften § 14-15 om rapportering til kommunen frå private avløpsanlegg > 50 pe.

Kommunen skal innan 1. mars kvart år rapportere dei løyve til tett tank som er gjeve i føregåande år, fordelt på delområde i rensedistriktet. Kopi av dei gjevne løyva skal sendast samla til Fylkesmannen.

## 10 UTSLEPP TIL LUFT

Avløpsanlegg, dvs alle deler av leidningsnett med tilhøyrande pumpestasjonar og andre komponentar samt sjølve reinseanlegget, skal ikkje gje sjenerande lukt i omgjevnaden.

## 11 STØY

Avløpsanlegg, dvs alle deler av leidningsnett med tilhøyrande pumpestasjonar og andre komponentar samt sjølve reinseanlegget, skal ikkje gje sjenerande støy i omgjevnaden. Nærare krav går fram av rundskriv T-1442 frå Miljøverndepartementet.

## B) GENERELLE VILKÅR

### 1 - OPPFØLGJING:

Løyve til utslepp fritenk ikkje for ansvar for vederlag etter dei almenne reglar for vederlag og fritenk heller ikkje for innhenting av løyve for andre sider av verksemda som til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.

Den som har fått løyvet er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at utsleppet til ein kvar tid er i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Avløpsanlegget skal drivast optimalt innfor anerkjente kostnadseffektive rammer. Utsleppa skal reduserast til et minimum. Alle utslepp av kommunalt avløpsvatn innfor rensedistriktet skal ha tilfredsstillande



avløpsløysingar, jf. forurensningsforskriftens del 4. Brot på krava er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

Anlegget skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langt perspektiv, slik at forventa funksjon og effekt vert heldt oppe gjennom anlegget si levetid. Gjennomført og planlagt utbygging av anlegg for reinsing av kommunalt avløp, medrekna leidningsnett, skal takast inn i oppdaterte kommunale avløpsplanar.

## 2 – ENDRING MV:

I medhald av forureiningslova § 18 kan Fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår. Om naudsynt kan ein trekke løyvet attende. I alle høve kan løyvet trekkast attende eller endrast når det har gått 10 år frå det vart gjeve.

## 3 - INTERNKONTROLL:

Rutinar for drift, tilsyn, vedlikehald og handtering av avvik skal nedfellast i kommunen sitt internkontrollsystem. Sjå pkt 7 om vedlikehald – beredskap – responstid i dette løyvet. Fylkesmannen vil etterspørje internkontrollrutinar ved eventuell kontroll med avløpsanlegget eller i anna samanheng.

## 4 - RISIKOVURDERINGAR:

Ein skal unngå skade på miljøet som følgje av utsléppshendingar. Kommunen skal difor **01.06.2011** som del av internkontrollen utarbeidde skriftlig risikovurdering for drifta av avløpsnett og reinseanlegg i reinsedistriktet. Ein skal registrere moglege uønska hendingar knytt til drifta, tilsynet og vedlikehaldet som kan gje utslépp til ytre miljø. Etter registrering skal ein risikovurdere slike moglege hendingar. Mellom anna skal følgjande deler av avløpssystemet vere grunnlag for risikovurderinga:

- biologisk trinn i nytt felles reinseanlegg
- infiltrasjonsanlegg for nytt felles reinseanlegg
- utsléppspunkt for naudoverløp/omløp frå nytt felles reinseanlegg
- leidningsstrek med pumpeleidningar
- leidningsstrek med sjølvfallsleidningar
- pumpestasjonar og kummar
- utsléppsløysing for naudoverløp i pumpestasjonar
- lokale reinseanlegg, dvs for Åråhovde og mellombels løysing for Tuddal høgfellshotell, med tilhøyrande deler som nemnt over

Risikovurderingane skal vere klimatilpassa ut frå både situasjon pr i dag og ut frå ein situasjon med framtidig dimensjonerande nedbørsintensitet.

Moglege tiltak for å redusere risikoen skal gå fram av tabelloversikt der tiltaka er prioritert og rangsjert. Oversikta skal inngå i internkontrollsystemet og vere knytt til handlingsplan for gjennomføring av tiltaka. Det skal vere rutinar for oppdatering av risikovurderinga.

Krava om å gjere risikovurderingar er heimla i Internkontrollforskriften. Fylkesmannen vil etterspørje risikovurderingar ved eventuell kontroll med avløpsanlegget eller i anna samanheng.

**Aktuelle lenkar for info:**

Kap 11 i forurensningsforskriften, Generelle føresegner om avløp  
<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-037.html>

Kommentarar til kap 11:  
[http://www.klif.no/artikkel\\_40230.aspx](http://www.klif.no/artikkel_40230.aspx)

Kap 14 i forurensningsforskriften, kommunalt avløp frå større tett busetnad:  
<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-042.html>

Kommentarar til kap 14:  
[http://www.klif.no/artikkel\\_40234.aspx](http://www.klif.no/artikkel_40234.aspx)

Kap 15 i forurensningsforskriften, oljehaldeg avløpsvatn:  
<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-043.html>

Kommentarar til kap 15:  
[http://www.klif.no/artikkel\\_40235.aspx](http://www.klif.no/artikkel_40235.aspx)

Kap 15A i forurensningsforskriften, påslepp:  
<http://lovdata.no/for/sf/md/td-20040601-0931-044.html>

For nærare opplysningar om kap 4 mht tilknytning, årskostnad ved separat reinseanlegg osb;  
sjå [www.avlop.no](http://www.avlop.no) .